



Invitasjon til

Landsmøte 2025

*Frihet i fellesskap
– folkehøgskolens relevans i
en urolig tid*

26. mai – 28. mai, Karmøy folkehøgskule

 **Folkehøgskole**
forbundet

Velkommen til Landsmøte i Folkehøgskoleforbundet

Frihet i fellesskap – folkehøgskolens relevans i en urolig tid

Karmøy folkehøgskule feirar sitt 150-års jubileum dette året! Det er ei påminning om at folkehøgskulen i meir enn 150 år i Norge har hatt ein relevans i samtida som ein viktig aktør i i det pedagogiske landskapet. Skuleslaget har evna å omstille seg i tråd med dei utfordringar og den tidsånd som har prega dei ulike epokane.

Bakteppet er alvorleg i 2025. Vi har på kort tid fått ein uroleg verdssituasjon prega av krig, demokrati som forvitrar og ein usikker økonomisk situasjon. I tillegg er ungdommar i sterk grad prega av det som skjer i sosiale medium, og den ukritiske påverknad som influensarar har.

For mange er låge elevtal den akutte og store utfordringa. Demokratisk beredskapen er på lang sikt det som sikrar både fred og dialog. Demokratisk danning skal prege det pedagogiske arbeidet i folkehøgskulen, og dette blir spegla i revisjonen av **FHF sitt idé- og prinsippprogram** som også blir presentert på landsmøtet.

Kunnskapsdepartementet legg i juni 2025 fram for Stortinget ei **revidert folkehøgskulelov**. Vi har frå starten då NOU 2022: 16 *En folkehøgskole for alle* vart laga, og gjennom lovprosessen, blitt invitert til å bidra. Vi har blitt lytta til. Dei signal vi har fått så langt er tydelege på at ein ynskjer å skape ein sterk og fri folkehøgskulesektor som skal bestå inn i framtida.

Årets kveiktalar blir **Gudmund Hernes**. Han har bak seg ei lang karriere som professor og politiker. Han er særleg kjent for

Reform 94 og Reform 97, der han m.a. har formulert den overordna delen av læreplan for norsk skule.

På landsmøtet planlegg vi m.a. innlegg og seminar knytt til folkehøgskulen sin relevans inn i ei uroleg tid. Vi har invitert tidlegare leiar i FHF, **Øyvind Brandt**, til å halde seminar for oss med ei analyse av situasjonen og invitasjon til erfaringsdeling for å finne gode løysingar for medlemmene sitt arbeid inn i framtida. **Raftostifelsen** bidrar med fokus på demokrati.

I samarbeid med Karmøy folkehøgskule ynskjer Folkehøgskoleforbundet deg velkommen til møtedagar med viktige og spennande tema, og triveleg sosialt samvær, måndag 26. til onsdag 28. mai 2025.

Alle medlemer i Folkehøgskoleforbundet kan møte og er hjarteleg velkomne på landsmøtet! Delegatar frå lokallaga møter med stemmerett, og får reise- og opphald dekkja av FHF sentralt. (jf. vedtektene § 8. Sjå også FHF-rundskriv 2/2025).

Påmelding for delegatar skjer etter eigne reglar i vedtektene innan 3. mars. Andre melder seg på landsmøtet til Folkehøgskoleforbundet innan 1. mai.

Vel møtt til viktige og inspirerande dagar saman med engasjerte kollegaer!

Med beste helsing, Styret i Folkehøgskoleforbundet ved:

Einar Opsvik
leier

Angelina K. Christiansen
generalsekretær

Program

Mandag 26. mai 2025

Ankomst/registrering

- Kl. 12.00 Lunsj
- Kl. 13.00 Åpning av landsmøte 2025
- Kl. 13.30 Kveiktales ved Gudmund Hernes
- Kl. 15.00 Landsmøtesaker
- Kl. 16.00 Samtalesalong med utgangspunkt i leiars tale
- Kl. 16.30 Meldingar for perioden 2023—2025
- Kl. 17.30 Nytt frå Folkehøgskolerådet
- Kl. 19.00 Middag

Tirsdag 27. mai 2025

- Kl. 07.00 Tilbud om felles morgontrim
- Kl. 08.00 Frukost
- Kl. 09.00 Morgonsamling
- Kl. 09.15 Landsmøtet uttaler
- Kl. 09.30 Landsmøtesaker forts.
- Kl. 11.00 Kaffipause
- Kl. 11.30 Speakers corner
- Kl. 12.30 Lunsj
- Kl. 14.00 Tema: Frihet i fellesskap – folkehøgskolens relevans i en urolig tid.
- Kl. 15.00 Aktivitet
- Kl. 20.00 Landsmøtemiddag med festtalar og helsingar

Onsdag 28. mai 2025

- Kl. 07.00 Tilbud om felles morgontrim
- Kl. 08.00 Frukost
- Kl. 09.00 Morgonsamling
- Kl. 09.30 Tema: Myndiggjøring
- Kl. 11.00 Val
- Landsmøtet avsluttast
- Kl. 12.30 Lunsj og avreise (transport til flyplassen)



Vi ynskjer alle hjarteleg velkomne til Karmøy folkehøgskule!

Karmøy Folkehøgskule er ein frilynt skule med plass til ca. 125 elevar. Skulen blei etablert for 150 år sidan (1875) og første kull starta her i 1876. På Karmøy Folkehøgskule vel elevane 2 linjer i tillegg til valfag, noko som gir stor variasjon i skulekvardagen. Vi bryr oss om våre elevar og gir det lille ekstra for at elevane skal ha eit fantastisk år med personleg utvikling, gode opplevingar og finne vener for livet.

Kostnader

For delegater, forbundsstyret blir reise og opphald dekket av forbundet sentralt.

Delegater meldast via lokallaga innan

3. mars 2025 til angelina@folkehogskole.no.

Vi plasserer alle på enkeltrom – så langt det rekk.

For andre medlemmer pr. pers. inkl. mva:

Opphald i enkeltrom med eige bad: kr 3 300,-

Opphald i dobbeltrom med eige bad: kr 2 750,-

Eventuelt tilslutningsdøgn før eller etter, inkl. frukost: kr 750,-

Påmelding innan 1. mai 2025 skjer her:

angelina@folkehogskole.no



Austre Karmøyveg 23—37, 4250 Kopervik

☎ 52 84 61 60

✉ adm@karmoy.fhs.no

www.karmoy.fhs.no



Brugata 19, 0186 Oslo

☎ 22 47 43 00

✉ fhf@folkehogskole.no

www.folkehogskoleforbundet.no